RINGREVEN ANBEFALER

Planteverntabell for gjenlegg, eng og beite 2022

Jon Geirmund Lied
Tlf: 414 48 779

Aksel Døving
Tlf: 957 48 179

Frode Grønmyr
Tlf: 480 68 543

Gunn Randi Fossland
Tlf: 958 74 243

Maud Grøtta (Økologisk)
Tlf: 958 47 893

Nina Iren Ugelvik
Tlf: 416 78 758

Lars Tveit Lyche
Tlf: 479 06 604

Hilde Hegnes
Tlf: 957 50 368

Lars Gunnar Flatvad
Tlf: 932 71 873

Gunnhild Overvoll
Tlf: 971 64 856

Plantevern er ikkje berre kjemi. I følgje plantevernmiddel-forskrifta pliktar ein å vurdere andre aktuelle tiltak før ein brukar kjemiske middel. Dette kan vere forebyggande tiltak som drenering, kalking, unngå jordpakking, val av frøblandingar osv. Eller det kan vere mekaniske tiltak som ugrasharving og pussing. Ofte kan sprøyting av gjenlegg vere eit godt tiltak for å bruke mindre kjemi sidan det er brukt forholdsvis små doser og kan gi ei rein eng i fleire år etterpå.

Det er viktig å kjenne ugrasfloraen. Da kan ein velje middelet som passar best for det ugraset eller den kombinasjonen av ugras ein har. Da kan ein også vurdere betre kva middel ein bør veksle mellom for å unngå å oppformeire enkelte ugras som toler eitt spesielt middel godt. Synes ein at lågdosemidla har dårlegare effekt enn før kan det ha oppstått resistens og det er særleg viktig å bruke andre typar middel.

Lykke til med årets vekstsesong og ta gjerne kontakt med oss for ein planteverndiskusjon!

Nyttige lenker:

Oppdatert plantevernjournal:
https://www.nlr.no/nyhetsarkiv/default/2020/oppdatert-mal-for-plantevernjournal

Etikettar:
https://www.mattilsynet.no/plantevernmidler/godk.asp

Rettleiar om avdriftsreduksjon inkludert liste over dyser*:
Klikk her

*Så langt har berre Flurostar 200 av midla i gras fått redusert avstandskrav ved bruk av spesielle dyser.

Levande kunnskap - Levande landbruk

Landbruk Nordvest SA

Kommentar til planteverntabellen

Graderinga frå dårleg til svært god har vi gjort ut frå tabellane til Norgesfôr og Felleskjøpet, etikettane til preparata, forsøk og eigne erfaringar. Når det gjeld plassering av «Ringreven» er dette ei vurdering både ut frå effekt, pris og behandlingsfrist og er middelet vi ville valt mot det ugraset.

Kommentar til tabellen «Ugrasmiddel i gjenlegg»

- Standard dose for Express/Harmony Plus er 0,75 g/daa. Ved gode forhold anbefaler vi å gå ned til 0,5 g/daa for å unngå å sette gras og kløver for sterkt tilbake. Dosen med MCPA (Agroxone/Duplosan Max) skal ikkje reduserast (50 ml/daa).
- Gratil er snillare mot kløver enn Express, har litt betre effekt mot høymole, men er dårlegare mot mange andre ugras.
- Ariane S og Express/Harmony Plus + Flurostar/Tomahawk er effektive gjenleggsmiddel og gode til å forebygge resistens. Desse midla tek all kløveren. Det kan vere aktuelt å bruke desse midla og så inn kløver etterpå.

Kommentar til tabellen «Ugrasmiddel i eng og beite»

- Ved blanding av MCPA og Mekoprop er maks dose 150 ml/daa av kvar.
- Har ein både engsoleie og krypsoleie gir Duplosan Super svært god effekt på begge. Ei blanding av MCPA og Mekoprop har tilnærma like god effekt. Prisen for dei to alternativa er ganske lik.
- Blanding av MCPA og Mekoprop kan vere aktuelt mot siv. Dette vil gi ein høgare dose virksomt stoff enn ein får ved maksdose MCPA og Mekoprop kvar for seg. I forsøk har 200 ml/daa MCPA gitt god effekt (standard tilråding tidlegare var 400 ml/daa).
- Flurostar – i etablert eng er behandlingsfrist 31. juli.
- Tomahawk 200 – siste behandling i august.
- Ved tidleg sprøyting kan lågdosemidla gå hardt ut over både gras og kløver. Vi anbefaler å bruke dei i august/september. Unntaket er sprøyting mot hundekjeks som har lite gjenvekst etter førsteslått. Ein må difor vurdere om ein prioriterer effekt framfor avlingstap.
- Fenoksysyrer (Mekoprop, MCPA, Banvel, Ariane S) kan gi negativ effekt på overvintring ved bruk seint i sesongen.
- Matrigon er eit spesialmiddel mot tistel. God effekt mot alle tistelartar. Det er svært kostbart og berre aktuelt til punktsprøyting. Matrigon er godkjent «off label» i eng og beite. Ta kontakt med oss for ansvarserklæring og tilleggsetikett.
- Glyfosat har ikkje topp effekt mot alle ugras. Dersom ein blandar inn andre middel kan ein framleis bruke normal kvekedose på 400 ml glyfosat/daa. Høymole: bland inn Cleave (billegaste alternativ)/Starane XL, Flurostar eller Tomahawk. Høymole/Hundekjeks: Harmony 50 SX. Krypsoleie og lyssiv: MCPA. Sterk auke i prisen på glyfosat gjer det og meir lønnsomt å blande inn andre middel enn å auke glyfosatdosen.

NB! Harmony 50 SX (eng) og Harmony Plus SX (gjenlegg) er ikkje det same.

Ringreven anbefaler

Teiknforklaring

Landbruk Nordvest anbefaler dette midlet mot dette ugraset



Gras og kløver bør ha to varige blad ved sprøyting.
(Tegning fra FKAs Plantevernkatalog, s. 35)

Ugrasmiddel i gjenlegg

	Med kløver			Uten kløver	
Preparat	Basagran SG + MCPA (Agroxone/ Duplosan Max)	Gratil +MCPA (Agroxone/ Duplosan Max)	Express SX eller Harmony Plus SX + MCPA (Agroxone/ Duplosan Max)	Ariane S	Express SX + Tomahawk 200 (Flurostar 200)
Dose	85g + 35ml	2 g/daa +50 ml/daa	0,75 g/daa + 50 ml/daa	250ml	0,75 g/daa +50 (60) ml/daa
Då-artar	middels	god	svært god	svært god	svært god
Gjetartaske	svært god	svært god	svært god	svært god	svært god
Hønsegras	god	middels	svært god	svært god	svært god
Linbendel	god	middels	svært god	god	svært god
Meldestokk	god	svært god	svært god	svært god	svært god
(Tun)balderbrå	svært god	god	svært god	svært god	svært god
Vassarve	god	god	svært god	svært god	svært god
Soleier / vårkål	god	god	god	god	god
Hundekjeks	-	dårleg	middels	middels	god
Høymole	dårleg	god	middels	svært god	god
Løvetann	god	god	svært god	svært god	svært god
Nesle	dårleg	middels	god	god	svært god
Skade på kløver	svært skånsom	skånsom	noko skade	stor skade	stor skade
Ca. pris 2022	98	30	13	39	18

Ugrasmiddel i eng og beite

	Skåner kløver		Skadar/drep kløver						Brakking
Preparat	**Gratil 75 WG** + klebemiddel	**Harmony 50 SX** + klebemiddel	**Express SX** + klebemiddel **Kun varig beite**	**MCPA (Agroxone/ Duplosan Max)**	**Mekoprop** Duplosan Meko, Nufarm Mekoprop m.fl.	**Duplosan Super**	**Tomahawk 200 EC/ Flurostar 200**	**Starane XL/ Cleave**	**Roundup** med flere
Dose	6 g/daa	3,5 g/daa	1,5 g/daa	240 ml/daa	200 ml/daa	400 ml/daa	180 ml/daa (200ml Flurostar)	180 ml/daa	400 ml/daa
Byhøymole (breiblada)	-	god	-	-	-	-	-	-	-
Einstape (Bregner)	svært god	dårleg	-		-	-	-	-	god
Engkarse	-	god	-	god	god	god	middels	middels	svært god
Hundekjeks	middels	god	middels	dårleg	middels	god	dårleg	middels	middels
Høymole	god	god	middels	dårleg	god	svært god	svært god	svært god	middels
Løvetann	middels	dårleg	svært god	svært god	middels	svært god	svært god	svært god	svært god
Marikåpe	dårleg	dårleg	dårleg	dårleg	middels	god	dårleg	middels	god
Mjølke-artar / geiterams	-	-	-	middels	dårleg	god	svært god	god	middels
Sivartar		-	-	god	god	-	-	-	-
Snelle-artar	-	dårleg	dårleg	middels	dårleg	god	god	middels	dårleg
Engsoleie	god	god	svært god	middels	svært god	svært god	dårleg	god	
Krypsoleie	god	god	god	svært god	middels	svært god	middels	god	dårleg
Stornesle	dårleg	dårleg	dårleg	dårleg	god	god	svært god	god	middels
Vassarve	dårleg	god	svært god	dårleg	svært god	svært god	svært god	svært god	svært god
Åkertistel	dårleg	middels	god	god	god	svært god	dårleg	middels	
Skade på kløver	svært skånsom	skånsom	noko skade	stor skade	stor skade	stor skade	stor skade	stor skade	stor skade
Behandlingsfrist, dagar	7 (beite/surfôr) 21 (høy)	7	7	14	14	21	7	7	-
Ca. pris 2022	63	51	8	43	34	54	45	39	71